



NAUSTDAL KOMMUNE

Planstrategi 2016 - 2020

Innhold

1 Planstrategi – Behovsstyrt og realistisk	2
1.1 Verktøy for politisk prioritering av planoppgåver	2
1.2 Planstrategiens føremål	2
1.3 Kommunereformens innverknad	2
2.0 Samfunnsutvikling i Naustdal.....	3
2.1 Folketalsutvikling.....	3
2.2. Folketalsutvikling fordelt i kommunen:.....	4
2.3 Innvandring.....	5
2.4 Folketalsendring framover, prognose	5
3 Integrering	7
4 Næringsliv og Sysselsetting	7
4.2 Arbeidsplassar, sysselsetting og pendling	7
4.3 Pendling.....	8
5 Helsefremming i Naustdal	9
6 Planoppgåver og planprioritering.....	10
6.1 Flyktnings situasjonen og busetting:.....	11
6.2 Næringsareal og næringsutvikling.....	11
6.3 kommunereform	11

1 Planstrategi – Behovsstyrt og realistisk

Kommunal planstrategi er eit verktøy for å klargjere kva slags planoppgåver kommunen skal starte opp eller vidareføre for å legge til rette for ønska samfunnsutvikling. I planstrategien takast det stilling til i kva grad det er behov for å rullere planar.

Naustdal kommune opplever forventningar og press i frå mynder på at det bør utarbeidast særskilte temaplaner eller arealplaner for å løyse ulike samfunnsbehov. Det er viktig at slike krav drøftast i samanheng med kommunes heilskaplege plansystem og prioriteringar.

I strategiperioden er Naustdal kommune i ein krevjande økonomisk situasjon og er innmeldt i «Register om betinga godkjenning og kontroll (robek)». Det vil seie at kommunen må ha godkjenning i frå Fylkesmannen for å kunne gjere gyldige vedtak om låneopptak eller langsiktige leigeavtalar. Desse rammevilkåra medfører reduserte moglegheiter for å styre og sette i gang omfattande planarbeid. Difor er det svært viktig at arbeidet med dei kommunale planar ikkje gjerast meir omfattande enn naudsynt, samtidig som at arbeidet er styrt etter behov og realistisk med tanke på ambisjonsnivå.

1.1 Verktøy for politisk prioritering av planoppgåver

Planstrategien er eit hjelpemiddel for at det nye kommunestyret kan avklare kva slags planoppgåver kommunen skal prioritere i valperioden. Eit viktig siktemål er å styrke den politiske styringa av kva slags planoppgåver som skal prioritarast. Planstrategien er ein metode for å systematisk vurdere kommunens planbehov, slik at ein kan betre imøtekomme aktuelle utfordringar.

Planstrategien er eit godt verktøy for å vurdere kommunens plansystem, planressursar og samla planbehov i kommunestyreperioden, knytt til kommunedelplanar, tema og sektorplanar.

1.2 Planstrategiens føremål

Planstrategien er ikkje ein plantype, men eit hjelpemiddel for å fastlegge det vidare planarbeidet. Kommunen har plikt til å utarbeide kommunal planstrategi minst ein gong kvar valperiode, og vedta den seinast eit år etter konstituering av kommunestyret.

Denne planstrategien tar sikte på gjere strategiske val knytt til utviklinga av kommunesamfunnet og organisasjon. Dette gjelder både langsiktig arealbruk, tenesteutvikling og kommunens planbehov

1.3 Kommunereformens innverknad

Kommunereforma har innverknad på korleis Naustdal kommune prioriterer planoppgåver for inneverande kommunestyreperiode.

Kommunereforma medfører endringar i føresetnader for kommunens planlegging, både når det gjelder samfunnsplanlegging, arealplanlegging og tenesteplanlegging.

Naustdal kommune vil bruke planstrategien for å vurdere kva slags plan- og utviklingsoppgåver som er naudsynt å prioritere i lys av dei potensielle kommunesamanslåingane.

I Sunnfjord er vi vande med å få til gode utviklings- og planleggingsoppgåver på tvers av kommunegrensene. Likevel er det fleire høve kommunane må jobbe med ved ein kommunesamanslåing. For eksempel må det samordnast felles plankulturar og –system, slik som kommuneplan, kommunedelplaner og sektorvise planer.

No som kommunesamanslåing ser ut til å være eit faktum i år 2020, ser likevell Naustdal verdien i å ein ha god planberedskap.

Ved kommunereform er det å ha god planberedskap viktig for å gjere jobben om samanslåing så saumlaust som mogleg, samtidig som at kommunen har ein gyllen anledning til å fatte arealvedtak som vil takast med i den nye storkommunen. Uavhengig av resultat vil kommunen syte for at vi har planer som gjer kommunen i stand til å imøtekomme samfunnsutviklinga og krav til tenesteleveransar.

2.0 Samfunnsutvikling i Naustdal

2.1 Folketalsutvikling




Fig 2.1

Sidan 2008 har Naustdal oppleve ei positiv folketalsutvikling, og i figur 2.2 kan ein sjå ein detaljert framstilling av folketalsutviklinga. I heile perioden oversteig fødselstalet mengd døde, men dei siste åra frå 2013 til 2015 har det vore ein liten nedgang i fødselsoverskotet.

Utanlandsk innvandring til Naustdal har vorte redusert mykje dei siste åra, og i 2015 var ei netto innvandring på 3 personar. På den andre sida var det i 2015 ein rekordstor netto innanlandsk flytting på 54 personer




Fig. 2.2

2.2. Folketalsutvikling fordelt i kommunen:

Ein stadig større del av befolkninga i fylket bur i eller nær større bysentra, og netto flyttestraumar går frå periferi til sentrum. Dette er ein langsiktig trend som skjer globalt, nasjonalt og i Naustdal.

Sentralisering vert ofte definert som at befolkninga over tid vert konsentrert på ein (geografisk) stad. Desse prosessane skjer lokalt, regionalt, nasjonalt og globalt. På nasjonalt nivå skjer konsentrasjonen til dei folkerike regionane.

Fråflytting kan medføre ei redusert etterspurnad etter bustader i delar av kommunen, slik at dei som skal selje sine bustader må realisere eit verditap. Kommunen kan bli sitjande med unytta infrastruktur og kapitalkostnader m.m. For andre typar tenester kan befolkningsgrunnlaget verte for lågt til at tilbod kan oppretthaldast

	2009	2011	2013	2015
Redal-Vevring-Kvellestad	289	279	260	253
Helle - Frammarsvik	208	211	226	233
Naustdal Sentrum	1292	1323	1346	1416
Åse-Horstad	426	426	435	428
Ullaland-Fimland	440	447	443	442
Ikkje oppgjeve	0	1	3	5

Fig 2.3

Ut i frå tabell 2.3 over kan ein seie at dei nasjonale trendane og gjer seg synleg i Naustdal. Den største delen av befolkningsauka skjer i sentrum. Sentrumsveksten kan forklarast ut i frå to tilhøve. Kort avstand mellom Naustdal og Førde sentrum, samtidig som at storparten av kommunens tenestetilbod og detaljhandel er lokalsert i sentrum. Det er ikkje berre sentrum som opplever befolkningsauke, områda i frå Helle til

Frammarsvik opplever og ei befolkningsauke. Områda Redal-Kvellestad opplever ein negativ befolkningsutvikling, mens Ullaland-Fimland verkar og halde seg stabilt. Som følgje vt gruvedrift på Engebøfjellet, kan ein også forvente at den negative befolkningsutviklinga vil snu i Redalen-Kvellestad.

2.3 Innvandring

I 2015 var delen innvandrara i Naustdal på om lag 6 %, og det er framleis arbeidsinnvandringa som utgjer den dominerande gruppa. I fig 2.4 kan ein sjå at dei fleste innvandrara kjem i frå europeiske land, utanom Tyrkia.

Innvandringstala tek ikkje opp i seg asylsøkjara sidan folketal er basert på innbyggjarar som har fått opphaldsløyve. Kommunen har vedteke å busette inntil 51 flykningar fram til år 2019, og må gjere planmessige grep for å imøtekomme denne utviklinga.




Fig 2.4

2.4 Folketalsendring framover, prognose




fig 2.5

Framskrivingsprognosar syner at Naustdal kan vente seg ei befolkningsauke på 310 personer fram til år 2040, men ein det vil vere små eller ingen endringar i aldersgruppa 0-44 år. Det vil vere ei moderat auke i aldersgruppa 45-66 år på om lag 13 %. Det vil

være ei stor auke i aldersgruppene +67 år. Grappa 67-79 år vil auke med 36 % og grappa 80-89 år vil auke med om lag 77 %.




Fig 2.7

Med ei slik framtidig aldersfordeling kan ein vente at dimensjonering av barnehage og skule i 2040 vil ligge på om lag same nivå som i dag, og ein vil ha like mange i vidaregåande skule. Med ei auke på 68 % for + 70 år vil det venteleg knyte seg ekstra store utfordringar for kommunens helse- og omsorgsteneste. Ein slik auke vil kunne gje kommunen store utfordringar med å rigge ei eldreomsorg som tilfredsstillir styresmaktenes krav til kapasitet og kvalitet. Ein kan og sjå i statistikk at Naustdal har ei ubalanse i kjønnsfordelinga i aldersgruppa 20-39 år. Det knyt seg ulike årsaka til dette, men forskning tyder på at veksten personar med høgare utdanning, som igjen har hatt betyding for endringar i arbeidslivet. Naustdal har ein relativ låg del kvinner med høg utdanning. Årsaka kan forklarast ut i frå at næringsstrukturen i området i liten grad har klart å møte den store auken i kvinner med høgare utdanning og det er sannsynlegvis mangel på mangfald i arbeidsplassar i Naustdal.

Den demografiske befolkningsutviklinga i 2015 samanlikna 2040 vil skape to hovudutfordringar. Det eine er fall i folketalet i aldersgruppa 20-39 år på ca. 4 %, og det andre er auken i aldersgruppa +70 år på ca. 68 %. Viktige strategiar for kommunen vil være å bidra til auka tilflytting, samtidig som at eldreomsorga dimensjonerast ut i frå framtidig vekst.

Eit viktig tiltak for å medverke til auka tilflytting er realisering og ferdigstilling av ny skule, med god elevkapasitet. Totalt har skulen, inklusiv Vevring, ein kapasitet på 500 elever. Ny skule vil altså være dimensjonert ut i frå ein høgare befolkningsauke enn kva SSB legg til grunn.

Arbeidet med å imøtekomme og avdekke kommunes framtidige behov i eldreomsorga legg denne planstrategien til grunn for å få på plass ein eigen Utviklingsplan for helse og omsorg.

I tillegg arbeider kommunen med realisering av Friskhus, som skal samlokalisere ei rekkje av dei kommunale tenestene.

3 Integrering

Naustdal kommune kan i åra so kjem vente seg ei auke i busetjing av asylsøkjjarar, og eit stadig meir fleirkulturelt Naustdal krev at kommunen lykkast med inkludering på alle nivå i samfunnet.

Kommunen, NAV, lokalt næringsliv og friviljug sektor er dei som står nærast dei konkrete utfordringane.

I dette arbeidet er god språkopplæring avgjerande, samtidig som at dei inkluderast i arbeidslivet. Felles for både arbeidsinnvandrarar og flykningar er at dei må oppleve å vere ein del av samfunnslivet på staden dei bur. Kultur- og fritidstilbod som legg til rette for gode møteplassar vil vere viktige bidrag i dette arbeidet. Dette gjeld også generelt for alle tilflyttarar til kommunen.

Ei viktig oppgåve vil vere å legge til rette for eit godt samspel mellom dei aktørane som har mogelegheit til å medverke arbeidet med å inkludera i positiv retning.

Det å handtere busetjing av flykningar er relativt nytt for Naustdal kommune. Våre erfaringar har vist oss er at det å finne eigna bustader til riktig pris og standard er ein hovudutfordring. Ei auke i busetjing vil ytterligare komplisere dette arbeidet. Difor finn kommunen det naudsynt å få på plass ein bustadsosial handlingsplan som skal legge til rette for busetjing av alle vanskelegstilte i bustadmarknaden.

4 Næringsliv og Sysselsetting

4.2 Arbeidsplassar, sysselsetting og pendling




Fig. 3.1

Fig. 3.1 og fig 3.2 syner ikkje store endringar i sysselsettinga i perioden 2008-2014. Den største endringa finn vi i jordbruk, skogbruk og fiske med ei reduksjon på om lag på 60 sysselsette. Dette er ei reduksjon som samsvarar med fleira av kommunane i fylket. Den

største auken i sysselsetting finn ein innafor helse- og sosialtjenester. Dette heng fyrst og fremst saman med ein auke i det kommunale velferdstilbodet. Totalt er talet tilsette i kommunen auka med 41.




Fig. 4.2

4.3 Pendling

Pendlarar er definert som sysselsette som har arbeidsstaden sin i ein annan kommune en der dei bur. Pendling kan verte eit resultat av eit underskot på arbeidsplassar i forhold til arbeidsstyrken der dei bur.

Storparten av kommunens innbyggjarar må pendle ut av kommunen for å jobbe, men det er også ein del som pendlar inn til Naustdal. Tala syner at det i år 2014 var 152 personar som pendla til Naustdal, mens det var 982 personar som pendla ut. Det er ein dominerande tendens at dei som pendlar inn kjem frå Førde.




Fig. 4.4 [Kommunar med under 5 sysselsette som pendlar inn vises ikkje]

5 Helsefremming i Naustdal

Folkehelselova og plan- og bygningslova legg føringar for det kommunale folkehelsearbeidet. Kommunens satsing på dette området bør vere målretta, basert på tilgjengelege data og implementerast i kommunens handlingsprogram. God folkehelse står i gjensidig påverknad med god samfunnsutvikling. Fleire tilhøve i samfunnet påverkar folkehelsa, slik som bustad, utdanning, arbeid og fysiske og sosiale miljø. Målsettinga med folkehelsearbeidet er få heile kommuneorganisasjonen til å tenkje folkehelse i sitt daglege virke, og dermed påverkast også kommunesamfunnet

For at Naustdal kommune skal få til naudsynte og presise fokehelsetiltak har kommunestyret vedteke at vi ikkje skal ha ein eigen folkehelseplan, men at folkehelse skal utgjere ein viktig del av alt planverk. Dei kommunale verksemder har ansvar for å ha oversikt over eksisterande folkehelsearbeid, samtidig som dei søker å bli betre. Kommunens administrative stab er vår viktigaste folkehelsefunksjon. Staben har den operative oppgåva med syte for eit godt og strategisk folkehelsearbeid. Kommunens handlingsretta folkehelsearbeid vil finnast att at i kommunens årlege handlingsprogram.

6 Planoppgåver og planprioritering

Naustdal kommune har dei siste åra jobba aktivt for å stimulere til og imøtekomme befolkningsveksten. Kommunestyret har vedteke kommunedelplanane for Naustdal sentrum og Vevring. I desse planane er bustadsbehov, næringsareal og fritidsbygging avklara. Kommunen har difor dekt behovet for bustadareal.

Denne planstrategien vil være særskilt prega av kommunereform, økonomisk kapasitet og behov for busetting av flykningar. Difor er hovudformålet med planstrategien å ha ei tydeleg og realistisk planprioritering

Kommuneplanens samfunnsdel:

I 2015 vedtok kommunestyret ein ny samfunnsdel til kommuneplanen. Kommuneplanen viser vegen Naustdal ynskjer å gå framover mot 2025. Gjennom samfunnsdelen er det vedteke at Kommunens hovudmål er «folkevekst med god kvalitet i samfunnsutviklinga».

Noko av bakgrunnen for denne målsettinga er at kommunen skal arbeide for å være ein attraktiv bu- og besøkstad. Dersom Naustdal ikkje har folkevekst lik landet, får vi ein stadig mindre del av dei nasjonale ressursane til å drive tenestene. Dette handlar om å bygge sosial og fysisk infrastruktur som gjev kvalitet i samfunnsutviklinga og legge til rette for at fleire arbeidsplassar kan skapast.

Kommuneplanens samfunnsdel er nyleg vedteke, er eit godt styringsdokument og vil følgjele vidareførast i sin noverande form.

Kommuneplanens arealdel:

Samfunnsdelen har slått fast at kommunen har behov for ein revisjon av heile arealplanen. Av kapasitetsomsyn har likevel kommunen prioritert dei arealområda som er mest utsatt for press og har som behov for snarlege arealavklaringar.

Erfaringane for gjeldande arealplan er at den kunne fungert betre som eit styringsdokument. Storparten av kommunens areal er satt av til Landbruk-, Natur- og Friluftsføremål og dette gjev fleire restriksjonar enn ønskeleg.

Sjølv om det er behov for å rullere arealdelen, tilseier kommunens ressursituasjon at vi ikkje kan prioritere dette. I staden for å fokusere på arealplanarbeidet vil ein forsøke å ta arbeidet med Grend + vidare.

Kommunen har tidlegare arbeidd intensivt med «Grend +» prosjektet, der kommunen ønskte å imøtekomme innbyggjarinitiativ i arealspørsmål. Kommunen ville fokusere på dei konkrete behov grendene. På den måten har kommunen jobba proaktivt for å imøtekomme grendene sitt utviklingsarbeid. Kommunen ønskjer å få til gode og relevante planer for dei som skal bu, leve og drive innanfor desse områda. Kommunen vil for inneverande kommunestyreperiode vurdere å ta arbeidet med «grend + prosjektet» vidare for å sjå om dette materialet er tilstrekkeleg for å utforme kommunedelplaner.

6.1 Flyktningssituasjonen og busetting:

Det er eit kommunalt ansvar å syte for busetting av vankelegstilte i bustadsmarkedet. Det vil seie at kommunen har ansvar for å skaffe bustader til personer som ikkje sjølv er i stand til ta vare på egne interesser i bustadsmarkedet,.

Ofte vil dei vanskeligstilte i bustadsmarkedet være personer med rus- og psykiatriproblematikk, psykisk utviklingshemma, flyktingar og unge i etableringsfasen. Felles for desse er at dei i større grad enn befolkninga elles, har et behov for bistand og tilrettelegging frå kommunen i høve det å skaffe seg bustad eller oppretthalde ein bustadrelasjon over tid. Det er ulike og sammensatte årsaka til at personer trenger bistand fra kommunen, men ofte er det økonomiske, sosiale og helsemessige årsaker som spelar inn.

Bustadsosialt arbeid omhandlar i stor grad å tenkje heilskapleg innretta kommunal planlegging og organisering. Sjølv om Naustdal er ein liten og oversiktleg kommune gjer flykningssituasjonen til at det er behov for planmessig grep for å være i forkant av situasjonen.

I strategiperioden vil utforming av eigen plan for bustadsosialt arbeid ha høg prioritet.

6.2 Næringsareal og næringsutvikling

Naustdal sentrum er inne i ei spennande utvikling. Ny butikk vert opna på Sanden, det representerer ei vesentleg modernisering av handelsnæringa. Kommunen arbeider aktivt for å få realisert Frisksenteret. Det føregår også ei omfattande utbygging av skule- og idrettsanlegg, og planleggast for utbygging av butikk ved tidlegare Hjellekroa.

Naustdal har på gang ei satsing på landbruksområdet. Grønt forum er etablert som eit samarbeidsforum av faglag og administrasjonen på landbruksfeltet. Etter vellukka stort seminar i februar 2015 er det sett i gang eit prosjekt for å finne satsingsviljen hos den enkelte bonden, og i den enkelte grenda. I prosjektet er det eit fokus på å sikre satsing på nye fjøsar, knytt til krav om lausdrift frå 2024, og på problemstillinga å minimere transportinnsats i landbruket så langt råd. Fylkesmannen yter tilskot til prosjektet.

Kommunen ynskjer å være ein attraktiv kommune for framtidig næringsutvikling og næringsetablering. Den beste måten å gjere dette på er å finne attraktive og realistiske areal som avsettast til næringsformål. Naustdal kommune vil arbeide for ei realisering av næringspotensiale ved eit positivt vedtak til Engebø-prosjektet. I tillegg skal det i løpet av 2017 i gangsettast planarbeid for å avsette attraktive område til næringsareal.

6.3 kommunereform

I prosessen med reformarbeidet vil kommunen krevja at følgjande planer og utviklingsprosjekt ivaretakast og vidareutviklast.

- Frisksenter med helsefunksjonar, basseng, bustader og næringsfunksjonar
- Sentrumsutvikling, inkl. ny gangbru over Nausta
- Næringsareal med nærleik til RV5
- Nærings- og kulturfond, jmf. mineraluttak i Engebø vert tilgodesett «Gamle Naustdal kommune»

- Oppfølging av kommunedelplan i Vevring, Fjordlandsbyen og "Grend+" for å sikre busetting og utvikling i alle delar av kommunen

Oversikt over Naustdal kommune sine planoppgåver i perioden 2016-2019:	2016	2017	2018	2019	Merknad	Ansvarleg styringsgruppe
Kommuneplanens Samfunnsdel						
Samfunnsdel					Vidareførast, nyleg vedteke	Formannstaket
KDP landbruk og bygdeutvikling 2011-2022			Rullering		Må tilpassast nytt regelverk og forskrifter, samtidig som at nye strategiar for landbruket og bygdene vurderast.	Planutvalet
KDP Kulturminner		Ny			Vedtak byrjinga av året	Planutvalet
KDP idrett, friluftsliv og kulturbygg 2014-2017		Rullering			Handlingsprogram rullerast årleg	Planutvalet
Kommuneplanen areal						
Arealdel					Vidareførast	Planutvalet
KDP sentrum		Rullering			Behov for Sentrumsnært næringsareal	Planutvalet
KDP Vevring	Vedtak				Nyleg vedteke	Planutvalet
KDP Vona					Vidareførast	Planutvalet
Grend +					Søke å finne varige arealavklaringar	Planutvalet
Temaplaner					Springer ut i frå samfunnsdelens satsingsområder og sentrale føringar/krav	
Utviklingsplan for helse og omsorg		Rullering			Arbeidet er påbegynt.	Komité for helse og omsorg
Heilskapleg plan for barn og unge	Ny				Arbeidet er påbegynt	Komité for oppvekst og kultur
Bustadsosial handlingsplan		Ny				Formannskapet
Ruspolitisk plan 2012-2016	Rullering				Legg opp til ei mindre rullering, med justeringar	Formannskapet
Hovudplan veg		Ny			Vedtak i byrjinga på 2017	Komité for Landbruk, teknikk og miljø
Trafikktryggingsplan	rullering				Legg opp til rullering av handlingsdelen.	Komité for Landbruk, teknikk og miljø
Plan for utvikling av infrastruktur og utbygging				Ny	Viktig element er framtidretta Vassforsyning.	Komité for Landbruk, teknikk og miljø
Forvaltningsplan for Grønøyra naturreservat					Vidareførast	Komité for Landbruk, teknikk og miljø
Statleg sikra friluftsområde: Russenes forvaltningsplan 2014 – 2018 Sanden Forvaltningsplan 2014 – 2018			Rullering		Kommunen har søkt miljødirektoratet om midlar for oppfølging av planane	Komité for Landbruk, teknikk og miljø

For seinare strategiperiodar:	Planer til ny vurdering ved neste strategiperiode
Forvaltningsplan for: <ul style="list-style-type: none"> • Kleppstølsvatnet naturreservat • Mallasvika naturreservat 	Naturreservata kleppstølsvatnet og Mallasvika manglar forvaltningsplaner
KDP kultur 2012-2015:	
Energi- og klimaplan:	Om mogleg vil Naustdal ta initiativ til at Energi- og klimaplanlegging gjennomfør SIS-kommunane for inneverande periode.

